



# FJELL KOMMUNE

Fjell kommune

«MOTTAKERNAVN»  
«KONTAKT»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dykkar ref. «REF»	Vår ref. 2013/452 - 1377/2016	Saksb. – tlf. Willy Sørensen - 55 09 73 40	Dato 20.01.2016
----------------------	----------------------------------	---	--------------------

## **Til uttale: Områdereguleringsplan for Sotrasambandet - framlegg til alternativ løysing for ny rv 555 på fylling/kulvert over Arefjordpollen**

### **Innleiing**

Områdereguleringsplan for Rv 555 Sotrasambandet,- heile strekinga Storavatnet (Bergen kommune) til Kolltveit (Fjell kommune),- har nyleg vore til høyringsuttale i samsvar med gjeldande lovverk. I samarbeid med Statens vegvesen førebur Bergen kommune og Fjell kommune andre gang handsaming av planen, med sikte på endeleg vedtak våren 2016.

Gjennomføring av Sotrasambandet er kostnadsrekna til 8,9 mrd.kr. Statens vegvesen har også utarbeidd ei liste med moglege kostnadsreducerande tiltak. Desse tiltaka er ikkje innarbeidd i områdereguleringsplanen, men har status som eventuelle / moglege tiltak i gjennomføringsfasen.

Eit av tiltaka på lista var å redusera lengda på planlagt ny bru over Arefjordspollen i Fjell kommune, -jfr vedlagte kartmateriale. Dette kan ein gjera ved å auke storleiken på fundamenteringa (steinmassar) som brua kvilar på. På den måten stipulerte ein at det kunne vere mogleg å spare 92 mill.kr., under føresetnad av at tiltaket let seg gjennomføre utan ikkje-akseptable skadeverknader.

Statens Vegvesen og Fjell kommune vart tidleg hausten 2015 samde om å utgreia tiltaket nærare. Om utgreinga syner at tiltaket kan vere ønskjeleg å gjennomføra, vil ein innarbeide det i før andre gang handsaming av den overordna reguleringsplanen. Dette føreset at alle relevante instansar får høve til å uttale seg til desse endringane. Dette brevet er ein invitasjon til slike uttaler. Oversyn over instansane som vert inviterte til uttale ligg ved brevet.

/2

## Om tiltaket

Endringsframlegget inneheld følgjande dokument:

1. Planskildring med framlegg til endringar i føres egner - høyringsframlegg datert 14.01.2016
2. Teikningshefte inkludert reguleringsplankart for alternativ løysing, plankart nr. 1 datert 14.01.2016.

I tillegg er det som del av plandokumenta, utarbeidd fagrapport for vurdering av «Konsekvensar for marint naturmangfald ved utfylling i Arefjordpollen, Sotrasambandet Fjell kommune», v/UNI Research datert 13.11.2015.

Etter ønske frå Fylkesmannen i Hordaland, vert det også arbeidd med ein tilleggsrapport for vurdering av Arefjordpollen og Larslivassdraget som leveområde for anadrom fisk, spesielt sjøaure. Denne tilleggsvurderinga, med eventuell tilråding til avbøtande tiltak, vil venteleg ligge føre tidleg vinteren 2016, og vil vere ein del av planmaterialet.

Ein syner også til planmaterialet i framlegg til områderegulering av heile Sotrasambandet, planID 20130001 362RP, som nyleg har vore på høyring.

Endringsframlegget er ei alternativ løysing over Arefjordpollen, og eit framlegg til mogleg endring av same areal i områdereguleringsplanen. Endringa inneheld både permanente og mellombelse tiltak (anleggsperioden).

Til skilnad frå områdereguleringsplanen, viser denne plane eit alternativ med kortare kulvert/bru på Rv555 over Arefjordpollen, og av same type som ved dagens Rv555 litt lenger ute i pollen. Den føreslegne endringa har ikkje konsekvensar for vegstandard- eller veggeometri. Det har heller ingen konsekvensar for nokre typar trafikk eller køyrety. Den inneber heller ingen endringar i trafikktryggleik e.l.

Sjøbotnen i Arefjordpollen er dekt av opptil 14m lag av lausmassar. For å sikre at vegfyllinga vert stabil, må den stå på fast underlag. Tiltaket inneber difor fjerning (mudring) av botnsediment før etablering av steinfylling som underlag for den forlenga vegbanen og brufesta. Det samla behovet for ny fylling er om lag 300.000m<sup>3</sup>. Dette vil ein ha tilgang til frå overskotsmassar frå andre delar av Sotrasambandet i Fjell kommune.

Endringa inneber ein del visuelle endringar i landskapet samanlikna med det som er fremja i hovudplanen. Vesentleg kortare bru inneber ei tydeleg steinfylling og smalare sund under brua. Reint landskapsmessig vil ein gjere dei visuelle inntrykka best mogleg ved å bygge nye «holmar» som føyer seg inn i landskapet og «forankrar» vegfyllinga i landskapsrommet (jf illustrasjonar i planmaterialet). Støyskjermar vil også dempa inntrykket av veganlegget sett frå hyttene i pollen.

Tiltaket vil gjere det mogleg tilpasse vassdjupna for å betra sirkulasjonen av vatnet i heile pollen, og med det betre vilkåra for sjøbasert plante og dyreliv. Dei båtane som i dag kjem inn i den ytre delen av pollen, også vil kunne passera i sundet under den nye brua.

Tradisjonelt liten sirkulasjon i vatnet i pollen gjer at artsmangfaldet er lite. Det er funne enger av Ålegras nord i pollen. Ålegras er vurdert som utvald naturtype, og gjev ofte grunnlag for rikt biologisk mangfald. Førekomstane i Arefjordpollen er definert til å vere viktige (B-verdi). Dette set krav til avbøtande tiltak, -særleg i anleggsperioden. Ein vil difor m.a montera siltgardin for å hindra spreining av partiklar ved mudring og utfylling i pollen,- sjå kartmaterialet.

Både under anleggsfasen og driftsfasen skal mest mogleg skånsamme metodar nyttast for å sikra minst mogleg skadeverknad.

Det er registrert fleire automatisk freda kulturminne (steinalder-lokalitetar) i området vest for Arefjord. Desse er omtalt i områdereguleringsplanen, og vil ikkje verte meir råka av endringane i planframlegget. Konsekvensane for eksisterande hytter og endringane i landskapet som følgje av det nye planframlegget, vert vurdert som litt negativ.

Planframlegget gjev ingen merkbare endringar i høve framlegget i hovudplanen når det gjeld støy, støv eller forureining. Den alternative løysinga som det nye planframlegget representerer gjev heller ikkje vesentlege endringar m.o.t. risiko, sårbarheit eller tryggleik.

### **Nærare om gjennomføring av høyringa**

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til alternativ løysing i Arefjordspollen lagt ut til offentleg ettersyn og ei forenkla høyring. Uttalefrist er 6 veker frå kunnngjering.

Uttalene må vere Fjell kommune i hende seinast **fredag 4.mars 2016**.

Planmaterielet er lagt ut til offentleg ettersyn i ekspedisjonen på Fjell rådhus og Fjell folkeboksamling på Straume. Det kan også sjåast på kommunen sine nettsider:

[https://www.fjell.kommune.no/Om\\_Fjell/Kunnngjering/Arealplanar/Offentleg-ettersyn---plan/](https://www.fjell.kommune.no/Om_Fjell/Kunnngjering/Arealplanar/Offentleg-ettersyn---plan/)

Alle plandokument er også tilgjengelege på Statens vegvesen sine nettsider:

<http://www.vegvesen.no/Vegprosjekter/sotrabergen>

Eventuelle merknader skal sendast skriftleg til Fjell kommune, postboks 184, 53542 Straume, eller på e-post til: [postmottak@fjell.kommune.no](mailto:postmottak@fjell.kommune.no) Hugs å merke sendinga med saksnr. 13/452.

Med helsing  
Fjell kommune/rådmannen

Willy Sørensen  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*